

Diskusjonen om Uskedal eller Uskedalen går vidare og her er Harald Sætre sitt bidrag:

Når det gjeld bruk av namna Uskedal og Uskedalen så har eg alltid oppfatta det slik at den bestemte forma blei nytta når ein snakka om heile dalen og ikkje noko avgrensa geografisk stad i bygda, jf og namn som Hålandsdalen, Hegglandsdalen osv.

Det vil vel difor vera rett at ein nytta namnet Uskedalen på heile dalen/bygda, medan den ubestemt forma vert nytta i tilknytning til geografiske avgrensa område (Uskedal kai), firmanamn (Uskedal Trelastlager) m.v.

Men når vi så skriv eller snakkar generelt om bygda så må bunden form vera den rette (i Uskedalen er det ei flott båthamn, i Uskedalen er det mange fine turstiar osv). På same måten må det og vera rett at Posten brukar Uskedalen som omfattar heile dalen/bygda.

Beste helsing
Harald Sætre